



Roger Haugland
Stekkevikvegen 39
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1913 - 14/15827

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
17.10.2014

Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett. Oppføring av sjøbu på Vikebø, gbnr 45/126.

Administrativt vedtak. Saknr: 294/2014

Tiltakshavar: Roger Haugland
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad motteke 28.04.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av sjøbu på eksisterande terrasse på Vikebø, gbnr 45/126.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som uregulert område avsett til framtidig bustadområde. Omsøkt tiltak ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Utval for drift og utvikling har i møte 02.09.2014 sak 80/2014, gitt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel om krav om reguleringsplan og dispensasjon frå forbod mot tiltak i 100-metersbeltet mot sjø. Vedtaket vart sendt Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-/samfunnsplanavdeling og Hordaland fylkeskommune – Regionalavdeling for klagevurdering. Kommunen har ikkje moteke klage på UDU.vedtak 80/2014.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 15.03.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart stempla motteken 28.04.2014. Tiltaket må verte brannsikra i samsvar med teknisk forskrift av omsyn til fare for brannsmitte. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

VEDTAK:

"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av sjøbu på eksisterande terrasse på gbnr 45/126 i samsvar med søknad motteke 28.04.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 28.04.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

45-126 godkjend teikning og kart

Mottakere:

Roger Haugland

Stekkevikvegen 39 5917

ROSSLAND